

---

**Fra:** Gunnar Eide <gunnare2003@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 30. juli 2019 23.19  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Karl Johannes Romarheim; Ole Johan Ingebrigtsen  
**Emne:** Bekymringsmelding om brann/tryggleikstilhøve i "herrelaust" hus til nedfalls - gnr/bnr 239/17 på Eknes kai  
**Vedlegg:** Bekymringsmelding, bygg på Eknes kai.pdf

Lindås kommune v/brannvesen  
Kopi til Lindås kommune v/teknisk etat

Eg ønskjer med dette å melde om stor bekymring for ein herrelaus trebygning som i mange år har stått til forfall på Eknes kai, og oppmodar brannvesenet om å gjere tilsyn med bygningen snarast råd for å vurdere tryggleik og eventuelle aktuelle tiltak. Kort oppsummert er både eg og mange på Eknes alvorleg bekymra for tryggleiken i og rundt bygget, og meiner det representerer ein aukande tryggleiksrisiko. Potensiell skade på barn/unge som tek seg ulovleg inn i bygget på rotne/åpne golv, og fare for brannsmitte til alle bevaringsverdige trebygg som står svært tett på.

Sjå vedlagte dokument.

Venleg helsing  
Gunnar Eide  
tlf. 488 85 905